

SU-MØTE

		Møte nr.	2	2020	
	19. Mai		TID	18.30-20.00	
MØTESTAD	Tuv				
DELTAKARAR	<p>Til stades: Barnehage: Christopher Cassidy Svennevik (FAU), karolina Lundh Alman (FAU), Kari M. Moland (tilsett), Mette Kopperud (tilsett), Monika Randar (styrar) Skule: Stian Rygg Bekkevold (FAU), Irene Flaget (tilsett), Hanne Asp Lunde (tilsett), Unni Bjørke (rektor). Eigar: Jørgen Von Tangen Fråfall: Joveig Erikstad (FAU)</p>				
NESTE MØTE	Tysdag 25. August		REFERENT	Monika	

SAK	Sakliste	Ansvar
	<p>Innspel frå elevrepresentantane Milo og Mina fortalde om korleis elvane har opplevd heimeskule og det å komme tilbake til ein skule full av håndvask og regler. Bra med heimeskule: gøy, meir tid med føresette, fekk hjelp Dumt: sakna vener og lærar og litt mykje lekser. Det var litt vanskeleg å starte med utstyr og pc i starten, men gjekk bra etter kvart. Rektor seier at desse opplevsane stemmer godt med personalet sine opplevingar. Tilbake på skulen: Veldig fint å være tilbake. Dumt: Halde 1 meter, mykje vask av hender og pulten, fekk ikkje leike med dei eg ynskjer, og ikkje SFO for 4. klasse. Elevrepresentantane har gått gjennom ynskjer frå sist møte, for å sjå kva som kan gjennomførast og kva som er vanskeleg. Noko har komme automatisk i desse koronatider. Elevrepresentantane syns det har vore moro å vere med i SU, og vil gå rundt til neste års 3. og 4. klasse og fortelje litt om rolla si. Unni ynskjer å utvide til to representantar i 3. klasse i tillegg til to i 4. klasse frå neste skuleår.</p>	U.B
1.	<p>Godkjenning av referat frå sist møte Referatet vart godkjent. Referatet er lagt ut på kommuna si heimeside.</p>	M.R
2.	<p>Litt om oppstarten ved oppvekstsenteret etter koronastenging Skule: Det har gått svært bra med oppstarten etter Coronastenginga. Elevane var svært flinke å fylgje reglane dei fyrste dagane /veka. No merkar me at det krev meir av dei, og dei er mindre opptatt av /nøy</p>	U.B og M.R

	<p>med å halde avstand særlig, men også dette m håndvask. Dette gjekk også fint fordi ein kvar klasse fekk vere ein kohort og vere i klasserommet sitt. Dette fordi det er såpass få i kvar klasse på Tuv.</p> <p>For at det skal gå bra jobba og jobbar lærarane ein del ekstra og assistentane til andre tider enn dei pleier. Det går fint, men dei merkar noko slitasje, seier dei 😊</p> <p>Me bruka noko ekstra ressursar (60-80%) fagarbeider for å klare å ha nok folk i kvar kohort til at gruppene blir forsvarleg iveretatt. 3 prs på 1.tr, 3 pers på 2.trinn, 2 pers på 3.trinn og 2-3 pers på 4.trinn. Dette er bla a fordi det ikkje er vask i klasseromma på Tuv og fordi alle må gjennom same garderobe. Det er og elevar som ikkje respekterer smittevernreglane og treng ekstra tilsyn no.</p> <p>Barnehage: Har 100% stilling ekstra ressurs. Veldig fleksible born, føresette og personale, som har gjort at oppstarten har gått veldig bra. Gruppene er fordelt på Fausko, Skisenteret og Elvero, i tillegg til tre grupper i barnehagen. Det betyr at dei tre gruppene som har base i barnehagen har tilgang på kvar si avdeling og sitt uteområde. Me har fått signal i det siste på at nokon born saknar barnehagen, og sjølv om det ikkje ser ut til at me kan ha vanlege avdelingar med det fyrste, så håpar me å få til så alle kan komme innom barnehagen igjen før sommarferien. Tuv hadde ikkje beredsaksbarnehage den perioden barnehagen var stengd, men hadde ei utegruppe.</p>	
3.	<p>Heim – oppvekstsenter samarbeid</p> <p>Skule: Me har ikkje hatt Fau-møte før dette SU-møtet og etter sist Su-møte. Men samarbeid elles med heimane har gått fint. Foreldra har stilt opp på dugnad for vakthald på busstoppa no i oppstartfasen etter at skulen opna att. Det er me glade for. Det kom spørsmål frå FAU om veilederkorpset fortsatt er involvert, og om dei skal involverast med FAU. Veilederkorpset er med i totalt 3 år, og skal i hovudsak hjelpe skulen med arbeidet frå tre til ein skule. Ynskjer ein oppdatert framdriftsplan. Det vart sett ned ei arbeidsgrupe etter skuletinget. Unni etterlyser framdriftsplan hjå oppvekstsjef.</p> <p>Barnehage: Godt samarbeid med FAU, og heile føresette-gruppa. Fornøgde barn, føresette og personale.</p>	U.B og M.R
4.	<p>Budsjett 2021</p> <p>Skule: Får me no behalde dei ressursane me har dette året, klarer me, ut frå det me no veit, å gje eit forsvarleg tilbud til alle elevane.</p> <p>Barnehage: Jobbar med muligheter for lærling - innarbeiding i budsjett 2021. Monika ser meir på dette, men dersom me får tilskot</p>	U.B og M.R

	<p>så vil ikkje ein lærling vere ein kostnad for barnehagen så lenge me kan bruke dei inntil 50% som vikar.</p>	
5.	<p>Evaluering av skule- og barnehageåret</p> <p>Skuleårte 19/20: Det har vore eit krevande år for Tuv skule dette året. Me starta året med utfordringar på to trinn som var så store at me måtte be om ekstraressursar for å klare å ivareta elevane på ein forsvarleg måte. Me fekk tildelt ein 80% fagarbeider som var til god hjelp for oss. Me har merka mykje større ro på dei to trinna som trong dette, etter at det vart sett inn ein ekstra vaksen. Det at me var for få vaksne, gjorde at me ikkje fekk gjennomført alt me ynskte. F eks Mat og helseveka måtte me avlyse i år. Men juleverkstad og lysfest var gode, positive innslag før jul.</p> <p>Etter jul, frå 2.jan til 13.mars hadde me ein god jobbperiode med elevane då også skigym kom i gang.</p> <p>Så stengte skulen pga Coronapandemien og var stengt fram til 27.april. I den tida hadde lærarane og foreldra heimeundervisning av elevene, der lærarane sende heim vekeplanar og hadde møter på teams med elvar og foreldre. Så langt me veit fungerte dette bra for dei aller fleste. Me hadde noko undervisning og ute-Sfo for nokon av elevane på skulen, i denne perioden. Me hadde også Sfo-tilbod for dei med samfunnskritiske funksjonar.</p> <p>Skulen opna att 27.april. Det gjekk også fint fordi me har såpass små elevgrupper, at dei fekk vere samla klasse i klasseromma sine. Me har organisert med ulike inn og utgangs og vasketider for kvar klasse. Så dei får mindre undervisning enn dei skal, fordi mykje tid går til ut-inn og vasking. Kvar klasse er på tur 1-2 dagar i veka heil eller deler av dagen.</p> <p>Sommaravslutning blir kun for 4.trinn i skulen sin regi (dei er avgangsklasse) og det blir ikkje felles forestilling for skulen i år.</p> <p>Det vert sommarSfo-då blir ei Sfo-gruppe ein kohort. Me staser på at skulestartarane som har barnehageplass, kan vere på Sfo i august, slik dei pleier.</p> <p>Rektorar: Ellen W fredriksen på HBU, Rita Tormodsrud,Tuv, Heidi Myrvoll,Ulsåk.</p> <p>FAU: Har siste del av dette skuleåret brukt mykje tid på overgang til HBU for neste års 5. klasse.</p> <p>Barnehage: Godt samarbeid med FAU og resten av føresett-gruppa. Mykje positivitet blant føresette. Året starta bra, men noko utfordrande for avdeling Åne med oppstart utover heile hausten.</p>	U.B og M.R

	<p>Har opplevd veldig positiv endring på avdeling Kroken, der det synte seg at avdelinga kun kan ha 21 born utifrå arealet. Dette har ført til betrakteleg rolegare avdeling.</p> <p>Skulen prøver å leggje til rette for at borna kan komme innom på skulen og få treffe rektor og evt. 1. klasselærer. Evt. Kan me invitere 1. klasselærer på sommaravslutninga til Gaupene 11. Juni.</p> <p>I år har me feriestengd veke 29 – 30 – 31. Dette vart godkjent i DEL-SU både for Ulsåk barnehage og Tuv barnehage.</p>	
6.	<p>Dato for SU og FAU møter for neste skule og barnehageår</p> <p>Tys 25.8 KL 18.30</p> <p>Okt/nov: Tys 27.10 KL. 18.30</p>	ALLE
	<p>Eventuelt</p>	ALLE